

## PROTOKOLL

### Representantskapet Region Nordhordland Helsehus IKS

**Møte:** 2-2022  
**Tid:** Fredag 9. desember 2022 kl. 13:45  
**Stad:** Region Nordhordland Helsehus, kunnskapsenteret, møterom Mongstad

**Til stades:**

Desse møtte frå Representantskapet (100 %):	Sara Sekkingstad (Alver), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Karstein Totland (Masfjorden), Kjetil Eikefet (Modalen), Lars Fjeldstad (Osterøy) Per Lerøy (Austrheim) har gitt fullmakt til leiar.
RNHI:	Håkon Matre (styreleiar), Rune Heradstveit (dagleg leiar)
Rådmenn:	
Forfall:	Per Lerøy (Austrheim), Ørjan Raknes Forthun (Alver), Bjørnar Fjellhaug (Austrheim), Berit Rystad (Fedje), Reidun Halland (Gulen), Svein Helge Hofslundsengen (Masfjorden), Jo Bjarte Tømmerbakke), Ingvild Hjelmtveit (Osterøy)

<b>Sak 8/22</b>	<b>Godkjenning møteinnkalling og sakliste</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.
<b>Sak 9/22</b>	<b>Val av to representantar i tillegg til møteleiar for underskriving av protokoll</b> Stian Herøy og Kjetil Eikefet vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
<b>Sak 10/22</b>	<b>Godkjenning møteprotokoll Representantskap 1-2022</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Møteprotokoll frå Representantskap 1-2022 vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 11/22</b>	<b>Orientering om status Region Nordhordland Helsehus</b> Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit informerte kort om status for drifta av Region Nordhordland Helsehus.  <b>Samrøystes vedtak:</b> Representantskapet tok orienteringa til vitande.
<b>Sak 12/22</b>	<b>Godkjenning av driftsbudsjett for 2023 – 2026</b> Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit la fram styret sitt forslag til budsjett for 2023. Styret godkjente budsjettet i styremøte 22. november 2022.  Styret gjorde fylgjande vedtak 22. november 2022: Styret tar framlagt driftsbudsjett for 2023 - 2026 til etterretning, og godkjenner at budsjett og notat vert lagt fram for Representantskapet. Budsjettet og økonomiplanen baserer seg på føresetnader som låg til grunn ved styrehandsaming. Det vert budsjettert med 15 mill. kr til investering for å sikra evt. nødvendige kostnader til ferdigstilling av bygget.  Styret sitt forslag til vedtak i representantskapet: Representantskapet godkjenner framlagt driftsbudsjett for 2023-2026, og at det for 2023 vert budsjettert med 15 mill. kr til investering for å sikra evt. nødvendige kostnader til ferdigstilling av bygget.

	<p><b>Samrøystes vedtak:</b> Representantskapet godkjenner framlagt driftsbudsjett for 2023-2026, og at det for 2023 vert budsjettert med 15 mill. kr til investering for å sikra evt. nødvendige kostnader til ferdigstilling av bygget.</p>
<b>Sak 13/22</b>	<p><b>Val av styremedlem for perioden 2023 – 2024</b> Etter selskapsavtalen sit styret to år om gongen. Sitjande styre vart oppnemnt for perioden 2021-2022. Det skal derfor veljast styre for perioden 2023 - 2024. Styremedlem Steinar Hunskår ønsker å fråtre styret, dei andre styremedlemmene har stilt seg til disposisjon for ny periode.</p> <p>Valnemnda sitt framlegg til nytt styre for Region Nordhordland Helsehus IKS 2023-2024 er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Håkon Matre, styreleiar</li> <li>▪ Torbjørn Nævdal, nestleiar</li> <li>▪ Rita Tveiten, styremedlem</li> <li>▪ Solfrid Olsen Farestveit, styremedlem</li> <li>▪ Øivind Olsnes, styremedlem</li> </ul> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> Representantskapet vel følgjande styre for 2023-2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Håkon Matre, styreleiar</li> <li>▪ Torbjørn Nævdal, nestleiar</li> <li>▪ Rita Tveiten, styremedlem</li> <li>▪ Solfrid Olsen Farestveit, styremedlem</li> <li>▪ Øivind Olsnes, styremedlem</li> </ul>
<b>Sak 14/22</b>	<p><b>Fastsetjing av godtgjersle til styret for perioden 2023 - 2024</b> Valnemnda føreslår at satsane for styrehonorar for 2023 - 2024 vert:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Styreleiar: kr 50 000</li> <li>▪ Nestleiar og medlem: kr 25 000</li> </ul> <p>Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> Representantskapet set satsane for styrehonorar 2023-2024 til:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Styreleiar: kr 50 000</li> <li>▪ Nestleiar og medlem: kr 25 000</li> </ul> <p>Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.</p>

Knarvik, 9. desember 2022

*Karstein Totland*

Karstein Totland  
Leiar Representantskapet  
Region Nordhordland Helsehus IKS

*Stian Herøy*

Stian Herøy  
Medlem Representantskapet  
Region Nordhordland Helsehus IKS

*Kjetil Eikefet*

Kjetil Eikefet  
Medlem Representantskapet  
Region Nordhordland Helsehus IKS